



Innst. S. nr. 195

(2007-2008)

Innstilling til Stortinget fra familie- og kulturkomiteen

St.prp. nr. 34 (2007-2008)

Innstilling fra familie- og kulturkomiteen om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 131/2007 av 28. september 2007 om innlemming i EØS-avtala av EU-handlingsprogrammet for å førebyggje og motkjempe vald mot barn, ungdom og kvinner og for å verne valdsoffer og risikogrupper (Daphne III 2007-2013)

Til Stortinget

SAMMENDRAG

Daphne III er ei vidareføring av Daphne I- og II-programmet, som omfatta tidsrommet 2000-2003 og 2004-2008. Noreg var med i begge desse programma. Programmet er ein del av det overordna programmet "Grunnleggjande rettar og rettferd", og skal medverke til eit høgare nivå for vern mot vald og såleis betre vernet av den fysiske og mentale helsa. Det overordna målet for programmet er å medverke til å verne barn, ungdom og kvinner mot alle former for vald, og å oppnå eit høgt nivå for helsevern, velferd og sosial utjamning. Dette skal medverke til å utvikle fellesskapspolitikken på områda folkehelse, menneskerettar og likestilling mellom kjønna, og tiltak som tek sikte på å verne rettane til barn og motkjempe menneskehandel og seksuell utnytting.

Daphne-programma har medverka til at medlemsstatane har sett større fokus på motkjemping av vald, og til å skape samarbeid mellom ulike europeiske organisasjonar som arbeider for å hindre vald. Prosjekta som har fått støtte frå programmet, har gjort at aktiviteten er vorten større blant organisasjonar og institusjonar i Europa. Vidare har Daphne-programma medverka til å utvikle EU si haldning til vald, menneskehandel, seksuelt misbruk og porno-

grafi. Det er framleis eit stort behov for utvikling av kunnskap og praksis i arbeidet mot vald mot kvinner, og Daphne III er eit nyttig verktøy for å skape forum der aktørar innanfor desse områda kan kome saman.

Avgjerda i EØS-komiteen inneber plikter for EØS/EFTA-statane til å ta del i finansieringa av programmet. Det er lagt opp til at EØS/EFTA-statane skal løyve 2,45 millionar euro for perioden 2008-2013. Den samla kontingentplikta for norsk deltaking i Daphne III er pårekna til å utgjere om lag 18,5 mill. kroner, dvs. i gjennomsnitt om lag 3,08 mill. kroner per år i programperioden 2008-2013. Utgifter til nasjonal oppfølging kjem i tillegg.

Barne- og likestillingsdepartementet vil ha eit overordna ansvar for å koordinere den norske deltakinga i programmet.

Gjennom norsk deltaking i Daphne III vil arbeidet med å hindre og førebyggje alle former for vald mot barn, unge og kvinner verte vidareført. Røynslene frå dei føregåande Daphne-programma har vore positive. Noreg har teke del i fleire prosjekt, og dette har vore nyttig når det gjeld arbeidet mot vald. Det er òg viktig at Noreg viser eit europeisk engasjement, og deltaking i Daphne III kan vere eit verkemiddel for å etablere eit godt samarbeid mellom Noreg og andre statar i Europa for å hindre vald.

KOMITEENS MERKNADER

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Gunn Karin Gjøl, Britt Hildeng, Espen Johnsen og Tove Karoline Knutsen, fra Fremskrittspartiet, Ulf Erik Knudsen og Karin S. Woldseth, fra Høyre, Olemic Thommessen, fra Sosialistisk Venstreparti, May Hansen, fra Kristelig Folkeparti, lederen May-Helen Molvær Grimstad, fra Senterpar-

tiet, Trond Lode, og fra Venstre, Trine Skei Grande, er glad for at EØS-avtalen nå innlemmer EU-handlingsprogrammet for å forebygge og bekjempe vold mot barn, ungdom og kvinner og for å verne voldsofre og risikogrupper.

Komiteen vil også benytte anledningen til å påpeke at det er utgitt bøker om samme tema i regi av både FN og Europarådet. Det er også utarbeidet en handlingsplan her i Norge. I tillegg kan nevnes at det også arbeides med problemstillingen i Nordisk Råd.

Komiteen vil oppfordre til at når man nå skal gå i gang med et stort og nytt fire-årig prosjekt som skal ta for seg bekjempelse og forebygging av vold mot barn, unge og kvinner, må man se på hva som er gjort i forbindelse med både handlingsplanen og øvrige tiltak. Målet bør være å finne løsninger og ikke sitte på ulike nivåer og arbeide frem de samme konklusjonene. Man bør bruke både de menneskelige og de økonomiske ressursene på en slik måte at man ved en samordning, raskt kan løse noen av problemstillingene.

UTENRIKSKOMITEENS MERKNADER

Utkast til innstilling har blitt forelagt utenrikskomiteen som opplyser at den ikke har merknader til innstillingen.

KOMITEENS TILRÅDING

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjøre følgende

v e d t a k :

Stortinget gjev samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 131/2007 av 28. september 2007 om innlemming i EØS-avtala av EU-handlingsprogrammet for å forebyggje og motkjempe vald mot barn, ungdom og kvinner og for å verne valdsoffer og risikogrupper (Daphne III 2007-2013).

Oslo, i familie- og kulturkomiteen, den 22. april 2008

May-Helen Molvær Grimstad

leder

Karin S. Woldseth

ordfører